

Kristiansund kommune



FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

Molde, 23. nov. 2022

Bekymringsmelding - forsøpling frå kunstgrasbane

FNF Møre og Romsdal set mellom anna fokus på forureining. Vi har uttrykt vårt bekymring for dei store mengdene med gummigranulat frå kunstgrasbanene våre som forsvinn ut i naturen i fylket vårt. FNF Møre og Romsdal sendte den 15. juni i år ut eit brev til utvalde kommunar og bad om dokumentasjon (jfr miljøinformasjonslova) om korleis dei gamle kunstgrasbanene blir/vart håndtert ved utvalde anlegg.

Vi har no fått kunnskap om at det 7. oktober er observert at det ligg restar av gamle kunstgrasbaner i Sødalen ved inngongen til fargeballbana der (sjå vedlegg). Ut frå desse bildra ser for det oss ut som at dette er forureining av natur i strid med forureiningslova, naturmangfoldlova etc. Vi ber om at Kristiansund kommune tek tak i forureininga i Sødalen og pålegg den som har foureina om å rydde opp. Vi ønskjer uansett utfall av saka om å bli orientert om kva kommunen gjer då dette er eit enkeltvedtak også om eit pålegg ikkje blir gitt jfr tredje ledd i forureiningslova § 37.

Helsing

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Ingbjørn Bredeli

Fylkeskoordinator
FNF Møre og Romsdal

Vedlegg: Bekymringsmelding om forureining i Sødalen 7 okt. 2022